

Femårig programevaluering, bachelorprogram religionsvitenskap

Om programevaluering og reakkreditering av studieprogram

Studietilsynsforskriften setter krav til at utdanningsinstitusjonene har ordninger som sikrer at også de etablerte studieprogrammene tilfredsstillende de nasjonale kravene på lik linje med nyopprettede program. Prosessen ved UiB bygger på programevalueringene som gjennomføres minst hvert 5. år.

Programevalueringen skal danne grunnlag for at Studiekvalitetskomiteen ved fakultetet kan vurdere om studieprogrammet tilfredsstillende de nasjonale kravene til akkreditering (Studietilsynsforskriften kapittel 2, og § 3-2 i Forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning) og UiB sin studieforskrift. Studiekvalitetskomiteen gir så anbefaling om reakkreditering til fakultetsstyret. Det er fakultetsstyret som vedtar om programmet kan reakkrediteres eller om det må gjennomføres endringer i studieprogrammet for at forskriftens krav skal være tilfredsstillende. Rapporten lagres i Studiekvalitetsbasen sammen med informasjon om tiltak for oppfølging.

Programstyret (programstyreleder) har ansvar for å gjennomføre programevaluering av eksisterende studieprogram minst hvert 5. år.

Studenter, eksterne fagfeller, samt representanter fra arbeids- eller samfunnsliv som er relevante for studietilbudet, skal bidra i evalueringene.

Grunnlagsmaterialet for og vedlegg til programevalueringen skal være:

- Studieplanen for programmet
- Årlige egenvurderinger av emner og studieprogram
- Emneevalueringer
- Programevalueringsrapporter fra ekstern fagfelle
- Oversikter over studiepoengproduksjon, opptak, gjennomføring, frafall og kandidatproduksjon.
- Relevante rapporter fra Tableau og STAR til delen av evalueringen:
 - Studieprogramledere <https://rapport-dv.uhad.no/#/workbooks/1573/views>
Herunder:
 - GST1 Gjennomstrømming hovedprogram - fullføring og frafall
 - GST3 Andel kvalifikasjoner av antall startende
 - GST5 Studiepoeng per student
 - GSTM1 – Studenter med intern mobilitet Om denne rapporten: <https://www.fellesstudentsystem.no/applikasjoner/star/studieprogramledere.html>

Andre relevante data/kilder:

- SHOT
- Studiebarometeret (dersom det foreligger resultater på programnivå)
- Annet
- Oppsummeringer av tilbakemeldinger fra studenter og involverte undervisere, inklusive studentevalueringer
- Praksisavtaler (dersom relevant)

Innhold

Om programevaluering og reakkreditering av studieprogram.....	1
Krav til studietilbudet i UiBs system for kvalitetssikring av utdanningene	2
Gjennomføring, frafall og kandidatproduksjon	2
Opptakskrav og opptakstall	3
Vurdering av læringsmiljø.....	3
Krav til studietilbudet i Studietilsynsforskriften	3
System for kvalitetssikring.....	3
Tilhørende forskrifter	3
Studieplan.....	4
Nivå på læringsutbyttet	4
Læringsutbytte og infrastruktur	4
Undervisnings- og vurderingsformer	5
Faglig innhold.....	5
Arbeidsomfang	5
Kobling til forskning	6
Internasjonalisering	6
Praksis.....	6
Krav til fagmiljø i Studietilsynsforskriften	6
Fagmiljøets størrelse	7
Fagmiljøets utdanningsfaglige kompetanse	7
Fagmiljøets fagspesifikke kompetanse	8
Internasjonalt og nasjonalt samarbeid	8

Krav til studietilbudet i UiBs system for kvalitetssikring av utdanningene

Opptakskrav og opptakstall

- Veiledning: Gi en kort vurdering av studieprogrammets resultater når det gjelder opptak. Fyller studieprogrammene studieplassene sine? Planlegger fagmiljøet eller har fagmiljøet gjennomført tiltak for å øke rekrutteringen til og/eller inntakskvaliteten på programmet?

Religionsvitenskap har dei seinaste åra opplevd vekst i studentar på lektorprogrammet, medan det har vore ein svak nedgang i studenttalet på det disiplinlagretta bachelorprogrammet (43 studentar i 2017, 33 studentar i 2018, 37 studentar i 2019, 35 studentar i 2020 og 33 studentar i 2021).

Sidan emna og undervisninga stort sett er felles på tvers av programma, samt for årsstudiet, så er det samla studenttalet og storleiken på studiemiljøet i røynda nokså stabilt dei seinaste fem åra. Undervisninga og studiemiljøet inkluderer dessutan mange studentar frå andre program som tek einskildemne i religionsvitenskap og fleire innvekslingsstudentar kvart semester. På somme emne, som RELV101 Kva er religionsvitenskap?, RELV102 Jødedommen, kristendommen og islam, og RELV103 Hinduismen, buddhismen og andre asiatiske religionar, har vi kring 100 studentar kvart semester.

Religionsvitenskap er med andre ord eit populært studie. Bachelorprogrammet i religionsvitenskap må sjåast i denne større samanhengen, som ein ryggrad for heile studietilbodet vår på lågare grad.

Bachelorprogrammet i religionsvitenskap har 27 studieplassar. Opptakskravet er generell studiekompetanse. I 2017 starta 13 studentar på programmet, i 2018 15 studentar, i 2019 25 studentar, i 2020 19 studentar og i 2021 9 studentar. I tillegg kjem det jamleg studentar som melder overgang til bachelorprogrammet i religionsvitenskap frå andre studieprogram. I 2019 var dette åtte studentar, i 2020 sju studentar, i 2021 to studentar og i 2022 (tal frå august) fem studentar, altså 22 studentar over denne fireårsperioden.

Fagmiljøet i religionsvitenskap arbeider aktivt for å rekruttere fleire studentar til bachelorprogrammet. Vi deltek på ulike arrangement retta mot skuleelevar, som Open dag, med korte presentasjonar, føredrag og filmframsyningar. Vi er ofte ute i skulane, særleg i samband med praksisbesøk for lektorstudentane, noko som også gjer faget og studietilbodet vårt kjent blant potensielle søkarar. Den populære podcast-serien Religionsoraklene, som fagmiljøet lagar, er retta mot blant andre lærarar og elevar i den vidaregåande skulen. Vi har dessutan nyleg revidert programnettsidene våre nettopp med tanke på studentrekruttering.

Vi har særleg stor tru på at studentar sine eigne forteljingar, om interessante emne, inspirerende undervisning og godt studiemiljø, er viktige for rekruttering av nye studentar. Difor har vi mellom anna arrangert fagleg-sosiale filmframsyningar i samarbeid med fagutvalet, samt pizzakveld og lunsj med studentane. I kjølvatnet av pandemien er det ekstra viktig å få studentane til å finne saman att.

Det viktigaste tiltaket er likevel redesign av bachelorprogrammet vårt, ikkje berre for å få det til å passe best mogleg med den nye modellen for lektorprogrammet som snart blir klar, men for å lage eit endå betre fagleg program som kan tiltrekke seg fleire studentar. Dette inneber også å revidere programmet slik at det i større grad får spegle undervisnings- og forskingskompetansane til fagmiljøet som har endra seg vesentleg etter fleire avgangar og påfølgjande nyttilsetjingar dei seinaste fem åra. Drøftingar av denne omlegginga er allereie godt i gang i fagmiljøet. I løpet av 2022 vart alle emna i bachelorprogrammet presentert, evaluert og diskutert på fagmøter. Heilskapen i programmet vart også diskutert på eit to-dagars fagstrategiseminar i mai. Prosessen med redesign av bachelorprogrammet vil bli intensivert straks modellen for lektorprogrammet er klar, og vonleg fullført i løpet av 2023.

Sjå vedlegg 1: Tableau søkar- og studenttal

Sjå vedlegg 2: Overganger til BAHF-RELV

Gjennomføring, frafall og kandidatproduksjon

- Veiledning: Gjør en vurdering av programmets resultater i perioden etter forrige programevaluering når det gjelder gjennomføring, frafall og kandidatproduksjon. Rapporter fra Tableau skal benyttes ved vurdering av programmet. Omtal kort relevante tiltak som er gjennomført i perioden og hvilke tiltak som skal gjennomføres i kommende periode.

Mellom 2017 og 2021 har 15,4 % av studentane på bachelorprogrammet i religionsvitenskap fullført bachelorgraden på normert tid, 15,4 % har brukt eitt semester ekstra og 15,4 % har brukt to semester ekstra. Den påbegynte revisjonen av bachelorprogrammet har som målsetjing å forbetre dette vesentleg for komande periode.

Årsakene til at ikkje fleire studentar fullfører er komplekse. Somme årsaker er eksterne, for eksempel det faktum at mange studentar må arbeide ved sida av studia, noko som gjer at dei ikkje alltid finn nok tid i kvardagen til å gjennomføre studiet. Andre studentar blir forsinka eller gir seg på grunn av endra familiesituasjonar eller sjukdom. Pandemien har påverka livet til mange sterkt dei seinaste åra. Difor må gjennomføringstala som føreligg no bli lest med stor varsemd og høgde for at dei speglar tilhøva i ei ekstraordinær tid.

Nokre studentar melder overgang til delstudiar, andre melder overgang til andre program, medan somme sluttar å studere. Fagmiljøet og administrasjonen drøftar kontinuerleg tiltak som kan få fleire til å fullføre studiet. Særleg ønsker vi å få i stand fleire fagleg-sosiale tiltak som kan føre studentane meir saman og få dei til å motivere kvarandre til å fullføre. Det seinaste året har vi i samarbeid med fagutvalet gjennomført fleire slike tiltak, som religionsvitenskapleg filmkveld og pizzakveld, og fleire arrangement er planlagte for året som kjem.

Kvart år kjem det også studentar som meldingar overgang til bachelorprogrammet i religionsvitenskap frå andre program. Mange studentar er gjerne innom fleire program før dei endar med ein fullført bachelorgrad. Det er viktig at studentane får høve til å byte program dersom dei finn ut at det er rett for dei.

Sjå dei følgjande vedlegga:

Vedlegg: Tableau- Antallstudenter- fullføring og frafall

Vurdering av læringsmiljø

- Veiledning: Gi en vurdering av det faglige og sosiale læringsmiljøet på programmet, og beskriv tiltak og eventuelle tilbakemeldinger på eller undersøkelser om læringsmiljø som er gjennomført i perioden. Eksempler på læringsmiljøtiltak: egne lesesaler, filmklubb, sosiale tiltak osv. Mulige kilder: SHOT, Studiebarometeret e.l.

Studentane på bachelorprogrammet i religionsvitenskap deler læringsmiljø med studentar på

lektorprogrammet, studentar som tek årsstudium, studentar som tek einskildemne og innvekslingsstudentar. Fagutvalet er aktivt og har skipa til ei rekke arrangement etter at det vart råd å halde fysiske samlingar att etter pandemien. Fleire tilsette, både vitenskaplege og administrative, har samarbeida aktivt med fagutvalet om slike arrangement fordi vi er opptekne av å få studentane til å ha meir fagleg samkvem seg imellom og slik forbetre læringsmiljøet.

Mange av studentane våre tek sjølv fagleg-sosiale initiativ, noko som er veldig positivt for læringsmiljøet. Men det er ei utfordring å få endå fleire til å kome saman og skape ei meir utbreidd kjensle av tilknytning til fagmiljøet. Nokre bachelorstudentar har fortalt at dei saknar fagleg-sosialt fellesskap seg imellom, og at det særleg er lektorstudentane som dominerer læringsmiljøet no. Dette kjem tydeleg fram både i fagmiljøet sine samtaler med studentar og i eit møte som ekstern programfagfelle hadde med studentrepresentantar hausten 2022. Fagmiljøet tek desse tilbakemeldingane på alvor og er i ferd med å setje i verk tiltak, mellom anna eigne seminargrupper for studentar på bachelorprogrammet i emne som har seminarundervisning. Samstundes er det viktig å understreke at det er særst verdifullt for alle at læringsmiljøet omfattar fleire ulike studentgrupper, som alle studerer religionsvitenskap i lag.

Fagutvalet for religionsvitenskap er aktivt og bidreg til eit inkluderande studentmiljø. Dei stiller også med representant frå bachelorprogrammet i fagmøta og kjem der med viktige innspel til faglege spørsmål av ulik art, ikkje minst til alt som gjeld undervisninga og planlagte studentaktivitetar. Fagmiljøet freistar å støtte fagutvalet sine initiativ så ofte og så mykje som råd. Ekskursjonar, filmframsyningar, pizzakveld og faglunsj er blant tiltaka vi saman står bak for å skape eit endå betre læringsmiljø.

Både dei vitenskaplege tilsette og dei administrativt tilsette i fagmiljøet er genuint opptekne av å skape eit best mogleg læringsmiljø for studentane, noko som mellom anna inneber å gjere oss sjølve tilgjengelege for studentane og oppmode dei om å kontakte oss om alt som har å gjere med studia deira og faget. I fagmiljøet er alle flinke til å hjelpe kvarandre med å legge best mogleg til rette for studentane sitt læringsmiljø. Alle initiativ har fått stønad i fagmiljøet dei seinaste åra, og vi snakkar kontinuerleg med kvarandre om kva vi kan gjere for å skape eit endå betre læringsmiljø for studentane våre.

Krav til studietilbudet i Studietilsynsforskriften

System for kvalitetssikring

§ 4-1 Krav til det systematiske kvalitetsarbeidet (3): Institusjonen skal ha ordninger for systematisk å kontrollere at alle studietilbud tilfredsstiller kravene i forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høgere utdanning og fagskoleutdanning § 3-1 til § 3-4 og kapittel 2 i denne forskrift.

Kvalitetssikring

Rapporten skal inneholde forslag til forbedringer der det er behov for det.

- Hvordan har de årlige egenvurderinger, emneevalueringer, programevalueringer og evalueringer fra ekstern fagfelle blitt fulgt opp og hvilke tiltak har blitt iverksatt?

Årlege emneevalueringar, programrapportar og innspel frå ekstern fagfelle har blitt følgt opp

så fort som råd etter at dei har kome inn. Dei emneansvarlege skriv regelmessig emneevalueringar på bakgrunn av studentevalueringar som dei gjennomfører, tilbakemeldingar dei kontinuerleg får frå studentane, samtaler dei har med alle som underviser på emnet, samt eigne erfaringar. Desse blir delt med alle som er involverte i undervisninga på emnet og dessutan sendt til fagkoordinator og studiekonsulent som går gjennom dei og lastar dei opp i Studiekvalitetsbasen. Alle som underviser deler også erfaringar og evalueringar munnleg, formelt i fagmøte, men ofte også elles i samtaler med kollegaer og med fagkoordinator.

I løpet av 2022 har vi på fagmøta for religionsvitskap systematisk gått gjennom alle emna i bachelorprogrammet. Dei emneansvarlege har presentert emna og erfaringane sine, før vi har drøfta dei i fellesskap, i lys av dei andre i emna og heilskapen i programmet. Vi har gjort dette mellom anna for å førebu ei større revidering av programmet straks den nye modellen for lektorprogrammet blir klar.

Hovudføremålet, både med den systematiske gjennomgangen av emna og med den slik påbegynte revisjonen av programmet, er å forbetre kvart enkelt emne og programmet som heilskap med von om å få fleire studentar til å gjennomføre det med endå betre resultat. Vi håpar samstundes å gjere einskildemna og programmet meir attraktive for fleire og betre studentar, mellom anna ved å synleggjere forskinga og forskingsfeltene til dei tilsette endå meir i emnetema og undervisninga. Dette handlar også om å nytte ressursane til fagmiljøet endå betre, å skape fleire synergjar mellom undervisning og forskning, og å lage endå betre undervisningsopplegg, samstundes som det blir lagt til rette for meir samanhengande forskningstid for dei vitskapleg tilsette (jf. FRAM-prosessen).

Det er viktig å understreke at pandemien har skapt ekstraordinære tilhøve og ekstraordinære utfordringar både for studentane og for fagmiljøet som har stått for undervisninga dei seinaste åra. Det er difor heilt avgjerande å ikkje evaluere programmet i åra som har gått som om det skulle ha vore gitt under normale omstende. Dette må ein ta høgde for når ein vurderer å setje i verk tiltak for endring og forbetring.

Jamvel, blant dei konkrete utfordringane som vi gjennom emne- og programrevisjonen no tek tak i – utfordringar som syner seg i tilbakemeldingar frå studentar, i tilbakemeldingar frå dei som underviser, delvis i rapportane frå ekstern fagfelle, og dessutan i talmaterialet som er tilgjengeleg – er følgjande dei viktigaste:

Forholdet, og særleg skildnaden, mellom RELV100 Religion, kultur og samfunn og RELV101 Kva er religionsvitskap? må i praksis bli endå meir avklara. Vi må i større grad unngå dobbel introduksjon til faget, og særleg tematisk og teoretisk overlapping. Det eine emnet kan samstundes ikkje føresetje at studentane har tatt det andre. Dei som allereie har tatt det eine emnet bør heller ikkje få uforholdsmessige store fordelar på eksamen i det andre emnet.

RELV102 Jødedommen, kristendommen og islam er no for omfattande og krevjande for å vere eit emne på 15 studiepoeng på 100-nivå, samstundes som studentane med dette emnet ikkje får ei grundig nok innføring i verdas aller største og mest mangfaldige religiøse tradisjonar. Løysinga blir truleg å dele det opp i fleire emne.

Fråfallet på RELVI250 Bacheloroppgåve i religionsvitskap er for stort. Mange studentar byrjar ikkje å skrive på bacheloroppgåva si før mot slutten av semesteret. Opplegget på dette emnet bør bli justert for å få fleire til å fullføre både emnet og programmet.

Valemnet RELV105 Midtaustens og Middelhavsområdet eldste religionshistorie, og norrøn og samisk religion, som har blitt gitt kvart vårsemester, er også særskilt omfattande i dag samanlikna med andre emne på same nivå. Dei andre valemna, alle på 200-nivå, har blitt gitt mykje meir uregelmessig. Undervisningstilbodet på desse emna er mykje mindre, trass i at dei også er på 15 studiepoeng. For å skape meir forutsigbarheit og gjere det lettare å planlegge eit studieløp for studentane og eit undervisningsløp for fagmiljøet og administrasjonen, og for å skape betre balanse mellom emna med tanke på arbeidsmengde og læringsutbytte, er det tenleg å revurdere statusen til dei ulike valemna i programmet, å justere valemneporteføljen slik at den samsvarar betre med forskingsfeltet til den noverande staben, og gjerne å redusere talet på valemne og tilby dei meir regelmessig.

Storleiken på dei ulike emna, og kor vidt dei skal gå om hausten eller våren, må bli tilpassa lektormodellen for å få til mest mogleg samdrift. Dette er viktig med tanke på både best mogleg læringsmiljø og best utnytting av ressursane til fagmiljøet. Konflikter mellom undervisning i emna på bachelorprogrammet og lektorstudentane sine praksisperiodar må unngås. Undervisningstilbodet til bachelorstudentane har i seinare år ikkje alltid vore godt nok medan lektorstudentane har hatt praksis. Bachelorstudentane må i framtida få ta eigne emne medan lektorstudentane er opptekne med praksis.

Å få dei faste vitskapleg tilsette til å dele endå meir på undervisninga i dei obligatoriske emna innleiingsvis og avslutningsvis i programmet (særleg RELV101 Kva er religionsvitskap? og RELVI250 Bacheloroppgåve i religionsvitskap), er også ei målsetjing. Slik vil studentane få møte fleire faglege perspektiv og heilskapen i programmet kan bli styrka.

Somme av utfordringane, tilhøva og tiltaka som er skisserte ovanfor har også blitt påpeika eller føreslått av ekstern fagfelle. Andre tilhøve som ekstern fagfelle har bemerkta har blitt retta opp umiddelbart så sant det har vore praktisk mogleg, for eksempel uklarheiter eller feil på nettsider og presiseringar av undervisningsomfang på somme emne. I 2022 ga fagmiljøet to oppdrag til den eksterne fagfellen, professor Anne Stensvold frå Universitetet i Oslo. I vårsemesteret gikk ho kritisk gjennom emna og programplanane våre og såg på skildringane av læringsutbytte. På bakgrunn av rapporten hennar gjorde fagmiljøet straks justeringar i emneskildringane der dette var naudsynt eller tenleg. I starten av haustsemesteret vitja ho UiB fysisk og hadde separate møter med fagkoordinator, studentrepresentantar og dei tilsette på faget. Også på bakgrunn av rapporten frå desse møta har vi allereie gjort tiltak, medan vi tek med oss dei meir omfattande utfordringane ho påpeikar inn i programrevisjonsarbeidet som vi er i gang med.

Vedlegg to rapportar frå ekstern fagfelle frå 2022

- Forslag: Hvilke forhold påvirker kvaliteten på programmet (ressurser, infrastruktur osv.) og hva bør endres for å heve kvaliteten? Er det behov for å heve kvaliteten i programmet? I så fall, hvilke tiltak bør gjennomføres?

Det er behov for ein gjennomgang og ei justering av emneportefølgjen og heilskapen i programmet med tanke på arbeidsomfang, rekkefølge, innhald, læringsmål, undervisnings- eller læringsformer og vurderingsformer for alle emna, samt tilpassing til den nye modellen for lektorprogrammet. Jamfør utgreiinga om evalueringar og tiltak ovanfor. Denne gjennomgangen vart starta i 2022 og revideringa av emna og programmet vil vonleg bli fullført i løpet av 2023. Endringane vi er i ferd med å gjennomføre vil heve kvaliteten i programmet.

Bachelorprogrammet i religionsvitenskap er i veldig stor grad påverka av lektorprogrammet og dei praktiske rammene for det, særleg gjennomføringa av praksisperiodar. At lektorstudentane i dag utgjer ei langt større studentgruppe enn dei som går på bachelorprogrammet, samstundes som undervisninga deira er samkøyr, påverkar læringsmiljøet for bachelorprogramstudentane aller mest positivt (større studentmiljø, større mangfald, fleire perspektiv), men også på somme måtar negativt (bachelorstudentane, som er i mindretal, opplever at mykje i studiet deira blir styrt av tilretteleggingar for lektorstudentane).

Ytre tilhøve, som studentane sin økonomi (mange må jobbe ved sida av studia), familiesituasjonar (som gjer det vanskeleg å studere på kveldstid) og helseutfordringar (dei seinaste åra forårsaka eller forsterka av pandemien), påverkar naturlegvis studiekapasiteten til studentane, og omsyna vi må ta til dette påverkar i sin tur kvaliteten i programmet.

Den digitale undervisninga som vi har utvikla og gitt under pandemien har ikkje vore ei fullgod fagleg erstatning for den fysiske undervisninga som programmet skal vere basert på, men nokre delar av dei digitale opplegga vil vi vidareutvikle som positive supplement til undervisning med fysisk frammøte.

Ressurssituasjonen til fagmiljøet påverkar sjølvstilt kvaliteten i programmet. Fagmiljøet er eit særst sterkt og internasjonalt orientert forskingsmiljø. For å kunne halde fram med å levere like mykje framifrå forskning samstundes som vi vidareutviklar og hever kvaliteten i alle studieprogramma våre, mellom anna ved å knyte undervisninga endå tettare til forskinga, er vi avhengige av å få erstatta stillingane etter dei som går av med pensjon i åra som kjem.

Studentinvolvering

- Veiledning: Hvordan involveres studentene i utvikling av programmet, og tilbakemeldinger på programmet?

Studentevalueringar blir gjennomført jamleg i alle emne, ikkje berre skriftlege evalueringar som vi registrerer og arkiverer som del av det formelle systematiske kvalitetsarbeidet, men også munnlege evalueringar, somme planlagte og innbakte som læringsaktivitetar i emna, andre meir ad hoc i samband med avrunding av undervisningsøkter. Studentevalueringane er læring både for fagmiljøet og for studentane og høve til å reflektere saman med studentane kring kvifor vi gjer det vi gjer i undervisninga og læringsaktivitetane. Sjølvevalueringar og medstudentevalueringar er dessutan læringsformer for studentane i fleire av emna våre.

I samband med undervisning og fagleg-sosiale samankomstar spør vi ofte studentane direkte: Kva kan bli betre? Kva kunne vi gjort annleis? Kva bør vi endre på til neste gong? I den grad det er råd freistar vi alltid å gjere endringar som framstår som fornuftige i lys av tilbakemeldingane vi får frå studentane.

Studie- og eksamenskonsulentane våre får ofte verdifulle tilbakemeldingar frå studentane i samband med

studierettleiing og eksamensavvikling. Då formidlar dei alltid dette til fagmiljøet på konstruktive måtar slik at vi saman kan vurdere og eventuelt gjere tenlege tilpassingar.

Då ekstern fagfelle, professor Anne Stensvold frå UiO, vitja fagmiljøet i september 2022 arrangerte vi eit eige møte mellom studentane og ho, slik at dei fekk høve til å gi ho kritiske tilbakemeldingar utan at nokon av dei som underviser i programmet var til stades. Tilbakemeldingane ho då fekk samsvarte med tilbakemeldingar vi allereie hadde fått frå studentar, noko som vonleg tilseier at studentane har tillit til at dei kan kome med kritiske tilbakemeldingar direkte til fagmiljøet.

På fagmøta våre er representant for studentane på bachelorprogrammet og fagutvalet aktivt med og gir viktige innspel til alle sakene vi diskuterer. Fagutvalet og studentar på bachelorprogrammet vil bli involverte kontinuerleg i revisjonsarbeidet som vi skal gjennomføre framover.

Tilhørende forskrifter

§ 2-1 Forutsetninger for akkreditering (1): Aktuelle krav i lov om universiteter og høyskoler med tilhørende forskrifter skal være oppfylt.

- Veiledning (*om relevant*): Dersom utdanningen er underlagt rammeplaner, krav til å tildele titler (sivilingeniør osv.), RETHOS, sertifiseringskrav eller andre krav utover ordinære krav til bachelor-

og mastergrader, må dette spesifiseres. Det må også gjøres en vurdering av om kravene er oppfylt.

Ikkje relevant.

Studieplan

§ 2-1 Forutsetninger for akkreditering (2): Informasjon om studietilbudet skal være korrekt, vise studiets innhold, oppbygging og progresjon samt muligheter for studentutveksling.

- Veiledning: Oppdatert versjon av studieplan for programmet må legges ved. Gi en kort vurdering av om punktene omtalt i paragrafen er oppfulgt.

Bachelorprogrammet i religionsvitenskap har fire obligatoriske emne, kvart av dei på 15 studiepoeng, altså til saman 60 studiepoeng. Tre av desse emna er på 100-nivå: RELV101 Kva er religionsvitenskap?, RELV102 Jødedommen, kristendommen og islam og RELV103 Hinduismen, buddhismen og andre asiatiske religionar. Dei gir ei grunnleggande innføring i faget og dekkjer sentrale tema som faget fannar. Det obligatoriske fjerde emnet er RELV1250 Bacheloroppgåve i systematisk religionsvitenskap, der studentane får velje og samanlikne avgrensa fenomen frå to forskjellige religionar, og skrive ei rettleia semesteroppgåve om dette. Før studentane får ta RELV1250 må dei ha tatt RELV101 samt minst to andre religionsvitenskaplege emne tilsvarande 30 studiepoeng.

I tillegg må studentane i programmet ta minst eitt valemne i religionsvitenskap tilsvarande 15 studiepoeng på 200-nivå. Kvart semester dei seinste åra har fagmiljøet tilbydd mellom tre og åtte forskjellige valemne på 200-nivå som studentane kan velje mellom. Gjennom desse får studentane fordjupe seg i eit avgrensa fagfelt eller tema som er nært knytt til ein eller fleire av dei tilsette si forskning.

RELV105 Midtaustens og Middelhavsområdet eldste religionshistorie, samt norrøn og samisk religion blir dessutan gitt som valemne kvart vårsemester, og fagmiljøet har i mange år sterkt tilråda studentane å ta dette emnet ved sida av dei obligatoriske emna på 100-nivå, fordi det gir studentane ei brei innføring i den lange og samanvevde religionshistoria til Europa, Nord-Afrika og Midtausten. Tilrådinga heng også saman med at fagmiljøet har hatt og framleis har framifrå spesialistar på nettopp desse fagfelt.

I tillegg har fagmiljøet tilbydd og tilråda ferske studentar å ta RELV100 Religion, kultur og samfunn som er eit førstesemestremne på 10 studiepoeng.

Utveksling eller frie emne er det lagt særskilt til rette for i femte og sjette semester av programmet, men det er også råd å gjere det tidlegare i studiet. Men for å få reise på utveksling må studentane først ha tatt 60 studiepoeng på UiB.

Til saman må studentane i programmet ta minst 90 studiepoeng religionsvitenskaplege emne, og altså minst 30 av desse må vere på 200-nivå. Ex.phil og ex.fac må dei også ta.

Programmet slik det føreligg i dag innfrir alle punkta som er omtala som føresetnader for akkreditering.

Sjå **vedlegg: oppdatert studieplan for programmet**

Nivå på læringsutbyttet

§ 2-2 Krav til studietilbudet (1): *Læringsutbyttet for studietilbudet skal beskrives i samsvar med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring, og studietilbudet skal ha et dekkende navn.*

Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk

- Veiledning: Vurder om læringsutbyttet er i samsvar med og på rett nivå i henhold til Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR). Nivåbeskrivelser for bachelor og master i NKR: <https://www.nokut.no/norsk-utdanning/nkr/beskrivelser-av-laringsutbytte-for-nivaene-i-nkr/>

Læringsutbyttet for bachelorprogrammet i religionsvitenskap er formulert som følger i studieplanen:

Kandidaten skal ved avslutta program ha følgende læringsutbytte definert i kunnskaper, ferdigheter og generell kompetanse:

Kunnskaper

Kandidaten

- har kunnskap om eldre og nyare religionar og deira roller i samfunn og kultur i historie og notid
- har kunnskap om sentrale vitenskaplege forskingsperspektiv på religion og ulike forståingar av religion
- har innsikt i sentrale religionsvitenskaplege omgrep og teoriar

Ferdigheter

Kandidaten

- kan kritisk drøfte religionsvitenskaplege problemstillingar
- kan kritisk analysere religionshistoriske kjelder
- kan sjå samanheng mellom teori og data frå ulike kontekstar
- kan sjølvstendig teoretisk tenking

Generell kompetanse

Kandidaten

- kan forstå menneskeleg åtferd i sine kulturelle og religiøse kontekstar
- kan handsame store informasjonsmengder
- kan argumentere munnleg og skriftleg med utgangspunkt i dokumentasjon og vitenskapleg forskning
- kan utvikle perspektiv på religion og samfunn som ikkje tar det eurosentrisk verdssynet for gitt
- kan nytte sin kombinasjon av fag i spesialisering og frie studiepoeng i vidare utdanning eller yrkesplanar

Desse skildringane av læringsutbytte er i samsvar med og på rett nivå i høve til Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk. Dei vil likevel bli vurdert på nytt og eventuelt justert i samband med revisjonen som fagmiljøet er i ferd med å gjere av programmet.

Navn

- Veiledning (*om relevant*): Gi en kort redegjørelse for endringer i studieprogrammets navn i perioden og vurder om studiets navn er dekkende.

Namnet til studiet er uendra og dekkande.

Læringsutbytte og infrastruktur

§ 2-2 Krav til studietilbudet (4): Studietilbudets innhold, oppbygging og infrastruktur skal være tilpasset læringsutbyttet for studietilbudet.

Innhold og oppbygging

- Veiledning: Uttrykker læringsutbyttet på programnivå på en god måte de kunnskaper, ferdigheter og generell kompetanse studenten har oppnådd i emnene som inngår i programmet? Redegjør for eller legg ved et studieprogramkart som viser hvordan emnene, sammen med progresjonen fra semester til semester, fører fram til læringsutbyttet for studiet.

Læringsutbytteskildringane på programnivå uttrykker på ein god måte kunnskapar, dugleikar og den generelle kompetansen som studentane oppnår gjennom alle emna som inngår i programmet.

Bachelorstudiet i religionsvitenskap kan sjå slik ut:

1. semester

- Ex.phil. Vel enten [seminarmodell](#) eller [skulemodell](#) (10 studiepoeng)
- Ex.fac. Vel enten [akademisk skriving](#) eller [språkkunnskap](#) (10 studiepoeng)
- [RELV100 - Religion, kultur og samfunn](#) (10 studiepoeng)

2. semester

- [RELV101 - Kva er religionsvitenskap?](#) (obligatorisk emne, 15 studiepoeng)
- [RELV105 - Midtaustens og Middelhavsområdet eldste religionshistorie, og norrøn og samisk religion](#) (15 studiepoeng)

3. semester

- [RELV102 - Kristendommen, jødedommen og islam](#) (obligatorisk emne, 15 studiepoeng)
- [RELV103 - Hinduismen, buddhismen og andre asiatiske religionar](#) (obligatorisk emne, 15 studiepoeng)

4. semester

- [RELVI250 - Bacheloroppgåve i systematisk religionsvitenskap](#) (obligatorisk emne, 15 studiepoeng)
- [Valfritt emne](#) (15 studiepoeng)

5. semester

- [Frie emne](#)/utveksling (30 studiepoeng)

6. semester

- [Frie emne](#)/utveksling (30 studiepoeng)

Dette er emnerekkefølga som fagmiljøet tilrår. Men studentane kan av praktiske omsyn delvis velje ei anna rekkefølge på emna, utan at det er til hinder for læringsutbyttet og progresjonen i studiet. Studierettleiaren for programmet hjelper dei som ønsker det med å sette opp ein fagleg forsvarleg plan som sikrar at dei får tatt RELV101 og nok andre religionsvitenskaplege emne før dei melder seg opp til RELVI250.

Til saman inneheld emna vi tilbyr, i ulike tillatte kombinasjonar, ei breitt utval religionsvitenskaplege tema,

teoriar, perspektiv og metodar, varierte undervisningsformer, læringsformer og vurderingsformer, eit vidt spekter fagleg litteratur, andre media eller kjelder og ei rekke ulike praktiske øvingar, som utfyller og bygg på kvarandre og leiar fram til læringsutbytet som studentane sit att med når dei har fullført programmet.

Emnerekkefølga, progresjonen frå semester til semester, og læringsutbyte både i kvart einskild emne og i programmet som heilskap vil bli revidert og delvis justert av fagmiljøet i løpet av det komande året. Ambisjonen vår er å skape eit endå meir dynamisk og oppdatert, men likevel enklare, meir oversikteleg og endå meir målretta program, både for studentane og for fagmiljøet inkludert administrasjonen.

Infrastruktur

- Veiledning: Har studiet tilstrekkelig tilgang til nødvendig og egnet infrastruktur? Med infrastruktur menes egnede lokaler, utstyr, bibliotektenester, administrative og tekniske tenester, tilstrekkelige og egnede IKT-ressurser, nettstøtte, egnet læringsplattform etc. som understøtter studentens læring og læringsmiljø og den faglig ansattes undervisning og forskning og/eller kunstneriske utviklingsarbeid og faglige utviklingsarbeid.

Ja, naudsynt og eigna infrastruktur er på plass.

Undervisnings- og vurderingsformer

§ 2-2 Krav til studietilbudet (5): Undervisnings-, lærings- og vurderingsformer skal være tilpasset læringsutbyttet for studietilbudet. Det skal legges til rette for at studenten kan ta en aktiv rolle i læringsprosessen.

- Veiledning: Hvilke undervisnings-, lærings- og vurderingsformer benyttes i studiet? Gjør en vurdering av om disse i tilstrekkelig grad legger til rette for at studentene oppnår læringsutbyttet som er beskrevet for studiet.

Ei rekke ulike undervisnings-, lærings- og vurderingsformer blir nytta i studiet.

Undervisnings- og læringsformer inkluderer førelesingar, seminar, rettleiing individuelt og i grupper, medstudentrettleiing, diskusjonsgrupper, poster workshop (på RELVI250), ekskursjonar både fysisk og digitalt, filmvisning, arbeid med primærkjelder (særleg religiøse tekstar), kvissar, samt øvingsoppgåver i ulike format og sjangrar. Størsteparten av undervisninga går føre seg i fysiske samlingar, men nokre delar av somme emne skjer digitalt (for eksempel i RELVI250, særleg av omsyn til lektorstudentar som har praksis i skulen).

Studiet krev dessutan, i likskap med dei fleste andre studiar i humaniora og samfunnsvitskapar på norske universitet, mykje sjølvstendig lesing av utvalde lærebøker, forskingslitteratur og primærkjelder. Det er ei utfordring å få alle studentane til å lese nok, å få dei til å lese som førebuing til undervisninga og å få dei til å lese godt. Dei fleste studentane treng meir lesetrening og betre lesevaner. Eit nytt og godt initiativ for å hjelpe studentane meir med dette kjem frå førsteamanuensis Christian Bull som saman med Spesialsamlingane på Universitetsbiblioteket er i ferd med å lage eit "log off og les"-tilbod. Fagmiljøet vil i større grad hjelpe studentane med å organisere kollokviegrupper framover, noko som også vil skape fleire møteplassar og vonleg meir samkjensle blant studentane på bachelorprogrammet.

Til saman er alle dei nemnde undervisnings- og læringsformene godt eigna til å gi studentane det læringsutbyttet som er forventa i programmet, særleg i kombinasjon med vurderingsformene som også er undervisnings- og læringsformer. Sagt annleis, arbeidskrav og eksamen er tiltenkt som særskilte viktige aktivitetar for læring.

Vurderingsformene i programmet inkluderer skuleeksamen, heimeeksamen, semesteroppgåve og munnleg, samt arbeidskrav av ulik art og omfang som må vere fullførte og godkjente før studentane får gå opp til eksamen. Nokre arbeidskrav og eksamenar krev at studentane svarar kort på fleire konkrete spørsmål. Andre arbeidskrav og eksamenar fordrar meir komplekse refleksjonar og lengre presentasjonar eller drøftingar. Somme eksamenar kombinerer kortsvarsoppgåver og drøftingsoppgåver. I nokre av arbeidskrava får studentane samarbeide med kvarandre eller gi og få medstudentvurdering. Fleire arbeidskrav og eksamensoppgåver gir studentane høve til å skrive sjangrar som dei vil treffe på att i vidarekomne studiar eller arbeidslivet, som samandrag av vitskaplege undersøkingar, bokmelding eller leksikonartikkel.

I revisjonen av bachelorprogrammet som fagmiljøet er i gang med vil vi etterstreve å koordinere og balansere undervisnings-, lærings- og vurderingsformer i dei ulike emna i endå større grad for å maksimere læringsutbyttet i programmet som heilskap.

- Gi en kort omtale av eventuelle gjennomførte eller planlagte endringer i undervisnings-, lærings- og vurderingsformene. Gi en beskrivelse av hvordan fagmiljøet legger til rette for at studentene kan ta en aktiv rolle i læringsprosessen.

Justeringar av undervisnings-, lærings- og vurderingsformer i dei ulike emna har funne stad regelmessig gjennom dei siste fem åra på bakgrunn av evalueringar og innspel frå studentane.

Etter dei brå omleggingane til digital undervisning under pandemien, og dei nye eller tilpassa undervisnings-, lærings- og vurderingsformer som vi tok i bruk då, har det siste året vore prega av tilbakevendinga til fysisk undervisning på campus. Med det følgjer nye vurderingar både av undervisnings-, lærings- og vurderingsformene som var i bruk før pandemien og av kor vidt noko av det vi utvikla og lærte under pandemien bør bli vidareført under no meir normale tilhøve. Dette er spørsmål som fagmiljøet no tek med seg inn i den større revisjonen av bachelorprogrammet.

I samband med revisjonen av programmet er vi i fagmiljøet særst opptekne av at studentane skal bli endå meir aktive i eigne læringsprosessar. Utstrakt bruk av seminargrupper der studentane er aktive med ulike øvingar har vore vanleg på alle emna våre på 100-nivå og på fleire emne på 200-nivå i mange år. Fleire av dei vitenskapleg tilsette ønsker i samband med revisjonen av programmet å legge opp til at meir av undervisninga vår skal bli “omvendt undervisning” eller “flipped classroom” for å kunne nytte meir av tida vi har saman med studentane til øvingsoppgåver og diskusjon, altså meir aktive læringsformer enn den tradisjonelle førelesinga.

Samstundes er det viktig å understreke at også førelesingar føreset aktive studentar. Dei må øve seg på og lære seg å aktivt førebu seg til førelesingar, følgje konsentrert med i førelesingane, ta notatar, stille spørsmål og dessutan bidra med eigne erfaringar og synspunkt på det som det blir førelest om både i diskusjonar med medstudentar og i plenum.

Faglig innhold

§ 2-2 Krav til studietilbudet (2): Studietilbudet skal være faglig oppdatert og ha tydelig relevans for videre studier og/eller arbeidsliv.

Dersom mastergradsstudier:

Krav til akkreditering i Forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning § 3-2. Akkreditering av mastergradsstudier

(1) Mastergradsstudiet skal være definert og avgrenset og ha tilstrekkelig faglig bredde.

Faglig oppdatert studietilbud

- Veiledning: Beskriv kort hvordan fagmiljøet arbeider for å sikre at programmet er relevant i forhold til kunnskapsutviklingen innen fagområdet og i arbeids- og samfunnsliv. Er det foretatt endringer i programmet som følge av endringer i kunnskapsutviklingen og/eller i arbeids- og samfunnsliv?

Fagmiljøet består av forskarar som alle er verksame i forskingsfronten på sitt spesialfelt. Til saman dekker vi fleire av dei største og viktigaste feltene i faget. Somme i staben kan dessutan reknast som

generalistar i faget, til dømes professor Michael Stausberg som mellom anna er medredaktør for tidsskriftet *Religion*, eitt av dei aller mest prestisjefulle tidsskrifta i det tverfaglege feltet internasjonalt. Gjennom forskinga vår er vi alltid oppdaterte på den seinaste kunnskapsutviklinga innan fagområdet. Dette speglar seg så i undervisninga vår, som stadig blir endra for å ta høgde for ny forskning og nye retningar innan faget.

Kva som til ei kvar tid er relevant kunnskap om religionsfeltet er det ofte delte meiningar om, både i fagmiljøet og i arbeids- og samfunnslivet utanfor universitetet. Oppgåva til vårt studieprogram handlar ikkje om å ta endeleg stilling til den eine eller den andre av dei delte eller udelte meiningane, men om å vise fram mangfald og meiningsbrytingar og å undersøke ulike aspekt ved korleis og kvifor ulike meiningar om religionsfeltet blir danna. Det same gjeld praksisar og praksisbrytingar i det mangfaldige religionsfeltet. Slik førebur vi studentane til å bidra med kritisk kompetanse til forståingar av komplekse situasjonar knytt til religion og religiøsitet, noko det stadig er større behov for på fleire felt i arbeids- og samfunnslivet.

Undervisninga i programmet blir sjølvstendig kontinuerleg oppdatert med døme frå og drøftingar av samtidige tilhøve som utspelar seg. Religionsvitskap er stadig eit særskilt aktuelt fag som bidreg med kritiske analyser av komplekse situasjonar i samtida. Samstundes er kjennskap til religionshistoriske hendingar og tilhøve alltid særskilt viktig i faget, og likeins for arbeids- og samfunnslivet all den tid dei påverkar, liknar eller skil seg frå religiøse forståingar og praksisar i samtida i mykje større grad enn det folk gjerne trur.

Fagmiljøet sitt ønske om å tilby eit oppdatert og relevant bachelorprogram står i sentrum av det pågåande revisjonsarbeidet.

Relevans

- Veiledning: Gi en kort beskrivelse av programmets arbeidslivsrelevans og studentenes karrieremuligheter, og beskriv hvordan denne relevansen formidles til studentene på programmet. Gi også en kort beskrivelse av studiets relevans for videre studier, og av ordninger for samhandling med arbeids- og samfunnsliv.

Jamfør kommentarane i punktet over.

Bachelorprogrammet i religionsvitskap er ikkje eit profesjonsstudium, men eit studie som rustar studentane til eit breitt spekter av oppgåver og roller i arbeids- og samfunnslivet. Karrieremoglegheitene er mange, både nasjonalt og internasjonalt, og vi veit at våre tidlegare studentar har fått svært ulike jobbar og samfunnsroller. Dei grunnleggande dugleikane som studentane tileignar seg gjennom studiet, i lesing, skriving, informasjonssøk, kjeldekritikk og anna informasjonshandsaming, kritisk tenking, analytisk distanse og sakleg drøfting, har svært stor arbeidslivsrelevans.

Dei mest fagspesifikke kunnskapane og dugleikane som studentane tileignar seg gjennom programmet får dei aller mest nytte av i vidare studiar (på masternivå og endå vidare), men dei kjem også direkte eller indirekte til nytte i ulike yrker og samfunnsroller kvar gong forhold knytt til religion eller religiøsitet dukkar opp. Fullført bachelorgrad i religionsvitskap med minimum C i snitt på dei fagspesifikke emna gjer at studentane kan søke seg inn på masterprogrammet vårt, og dei som så gjer det godt der kan sidan søke seg vidare til forskarutdanning.

Vi i fagmiljøet snakkar stadig med studentane om moglegheiter som programmet kan opne for dei, både i arbeids- og samfunnslivet og med tanke på vidare studiar. Dette står sjølvstendig sentralt i studierettleiinga som studentane får av studiekonsulentane våre og i karriererettleiinga som Sammen tilbyr, det er tematisert på programnettsidene våre, det blir nemnt på orienteringsmøter, og ikkje minst blir det stadig tatt opp i samband med undervisninga i ulike emne. Vi er stolte av å stå for eit program som gir studentane mange moglegheiter, både nasjonalt og internasjonalt.

Felles undervisning med studentar som går på lektorprogrammet, og med studentar frå andre program som tek einskildemne i religionsvitskap, bringer ofte fram spørsmål om aktualitet og relevans i ulike undervisningssituasjonar. Mange studentar som går på bachelorprogrammet vil også kome til å arbeide som lærarar, medan mange av lektorstudentane vil ende opp med andre yrker, deriblant forskaryrket, noko som gjer at vi i fagmiljøet er opptekne både av at studentane skal tenkje på kva dei kan og vil bli, men også halde dører opne for meir eller mindre uventa moglegheiter som kan by seg under og etter studiet.

Arbeidsomfang

§ 2-2 Krav til studietilbudet (3): Studietilbudets samlede arbeidsomfang skal være på 1500–1800 timer per år for heltidsstudier.

- Veiledning: Gi en vurdering av arbeidsomfang i studiet, herunder om det er enkelte emner, semestre e.l. der det er behov for å fordele arbeidsbelastningen. Hvordan sikres samkjøring av arbeidsbelastning i undervisning, arbeidskrav og vurdering mellom emner som er obligatorisk

samme semester? Der disse tallene finnes på studieprogrammet: Kommenter tall fra Studiebarometeret om hvor mye tid studentene oppgir å bruke på studiet.

Det samla arbeidsomfanget i studiet er etter den gjeldande målestokken høveleg for eit fulltids bachelorprogram, men ytre faktorar som økonomi, familiesituasjonar og helse gjer at mange studentar likevel strevar med å finne nok tid til å fullføre det.

Somme emne, særleg RELV102, er i skrivande stund altfor omfattande med tanke på både innhald og undervisningsomfang, og dermed også arbeidsmengde for studentane. Også RELV105 fordrar uforholdsmessig mykje arbeid i forhold til andre emne på same nivå med like mange studiepoeng. Valemna på 200-nivå kan til samanlikning framstå som delvis underdimensjonerte, med mindre ein på dei føreset meir sjølvstudier frå studentane, noko som tilsynelatande berre i varierende grad er tilfelle. På RELV1250 må det vurderast nøye kor vidt innføring av fleire arbeidskrav har tatt fokus vekk frå arbeidet med bacheloroppgåva i første del av emnet eller om det har fått studentane fortare i gang med bacheloroppgåveskrivinga.

I fleire emne har kollisjonar med praksisperiodar for lektorstudentar og organisering av undervisninga for bachelorstudentar i og rundt desse periodane også vore krevjande, og fordelt arbeidsbelastinga skeivt i ulike periodar av semesteret, både for studentane og for dei som underviser.

Den påbegynte revisjonen av bachelorprogrammet som heilskap – og med det av emneporteføljen og emnestrukturen, samt innhaldet, arbeidsformene og storleiken på dei einskilde emna – tek sikte på å skape mykje betre balanse mellom arbeidsmengda i dei ulike emna og i dei ulike semestera i programmet.

Kobling til forskning

§ 2-2 Krav til studietilbudet (6): Studietilbudet skal ha relevant kobling til forskning og/eller kunstnerisk utviklingsarbeid og faglig utviklingsarbeid.

- Veiledning: Beskriv kort hvordan studentene møter forskning og faglig utviklingsarbeid i studieprogrammet

Tema, teoriar, perspektiv og metodar som vi underviser om reflekterer på fleire måtar forskingsfelta og forskningsinteressene til faggruppa og kvar einskild undervisar.

I ulike former for undervisning dreg vi vekslar på pågåande forskingsprosjekt, mellom anna om kontroversielle tema og fordømmar, religiøse minoritetar, urfolks religionar, eller relasjonar mellom muslimar og kristne, i aller størst grad i val- eller fordjupingsemna vi tilbyr på 200-nivå, men også gjennomgåande i emna våre på 100-nivå. Vi deler stadig problemstillingar, hendingar, eksempel frå kjeldemateriale og metodiske utfordringar frå forskinga vår med studentane. Når vi har gjesteforskarar på besøk i Bergen arrangerer vi som regel gjesteførelingar. Slik lærer studentane om og av forskingsprosjekta og forskingsnettverka våre, medan vi får spørsmål og kommentarar frå studentane som hjelper oss vidare i forskinga.

Internasjonal forskningslitteratur utgjør eit ufråvikeleg fundament for emna, undervisninga og programmet som heilskap, både for studentane og for dei som underviser. Undervisninga tek utgangspunkt i, kommenterer og lærer studentane å arbeide aktivt med aktuell forskningslitteratur. Litteraturen på dei ulike emna blir stadig byta ut slik at studentane skal få bli kjente med ny forskning.

Øvingar, arbeidskrav og eksamensoppgåver blir laga med tanke på at studentane skal få prøve å utføre eller simulere avgrensa metodiske grep eller operasjonar som kunne inngått i meir komplekse forskningsprosjekt. Slik lærer dei å bruke forskningslitteratur og til ein viss grad også primærkjelder. Forskingsetiske problemstillingar blir jamleg tatt opp i samband med slike øvingar.

Førstehandsmøter med pågåande forskning og oppdatert forskningslitteratur, samt øvingar som speglar forskning, gjer at studentane etter fullført program har fått ei grunnleggande forståing av kva religionsvitskapleg forskning er. Dei har fått eit sett enkle erfaringar med kva religionsvitarar gjer når dei forskar, og dessutan kjennskap til somme nye rørsler eller retningar og spørsmål som pregar forskinga i faget. Denne grunnleggande innsikta i forskning er blant det viktigaste studentane bringer med seg til vidare studiar og ikkje minst ut i arbeidslivet.

Internasjonalisering

§ 2-2 Krav til studietilbudet (7): Studietilbudet skal ha ordningar for internasjonalisering som er tilpasset studietilbudets nivå, omfang og egenart.

§ 2-2 Krav til studietilbudet (8): Studietilbud som fører fram til en grad, skal ha ordningar for internasjonal studentutveksling. Innholdet i utvekslingen skal være faglig relevant.

- Veiledning: Gi en kort redegjørelse for status for internasjonalisering, og eventuelle tiltak for å øke omfanget og relevansen av internasjonaliseringen.
- Veiledning: Hvordan tilrettelegges det for faglig relevant utveksling i studieprogrammet?

Studentane blir heilt frå dei første orienteringsmøta for nye studentar, og stadig gjennom heile programmet i samband med både undervisninga og studierettleiing, oppmuntra til å reise på utveksling. Religionsvitskap er eit svært internasjonalt orientert fag, med tanke på både tema, språk og faglege nettverk, og studentar som reiser på utveksling får alltid stort fagleg utbytte av det. Difor er fagmiljøet særskilt opptatt av å få flest mogleg studentar til å reise på utveksling.

Studieplanen er fleksibel og vi strekk oss langt for å gjere tilpassingar slik at alle studentar som ønsker det skal få reise ut, eitt semester eller eit heilt år. På utveksling kan studentane ta religionsvitskaplege emne og anten få desse innpassa som tilsvarande eitt eller fleire av dei obligatoriske emna i programmet eller som valemne/fordjupingsemne. Eventuelt kan dei ta emne i andre humanistiske eller samfunnsvitskaplege fag og få desse godkjent som frie studiepoeng i graden.

Før dei får reise på utveksling må studentane ha tatt minst 60 studiepoeng ved UiB. Vi tilrår helst utveksling i femte og/eller sjette semester. Studentar som er interesserte i utveksling får tilbod om rettleiing med studiekonsulent og samtale med fagkoordinator eller ein annan fagtilsett for å planlegge utanlandsopphaldet sitt og eventuelt få førehandsgodkjent emneval. Fakultetet sine Internasjonale dagar er også nyttige for studentar som vurderer utveksling og lurer på kva for moglegheiter som finst for det. Vi

opplever jamleg at studentar tek kontakt for å snakke om utvekslingsmoglegheiter. Vi freistar alltid å oppmuntre studentane til å forfølge eigne faglege interesser og reise til ein stad der dei får utvikle desse. Då er det nyttig å ha både våre eigne utvekslingsavtaler med sterke fagmiljø i utlandet som vi kjenner godt (for eksempel Aarhus, Groningen og SOAS i London) og tilgang til det store utvalet av utvekslingsavtaler som andre fag på UiB har, og som studentane våre får nytte dersom det finst ledige plassar.

Kvart semester mottok vi dessutan ei rekke innvekslingsstudentar som tek eitt eller fleire emne hjå oss. Dei gjer at undervisninga i Bergen blir meir internasjonalt orientert. Dei bringer også med seg interessante faglege perspektiv og erfaringar som dei deler, noko som fører til meir fagleg læring og inspirasjon for alle.

Fagmiljøet deltek i mange internasjonale nettverk og har ofte besøk av framifrå forskarar frå andre land som gjerne held gjesteførelingar for studentane våre. Vi reiser også mykje og gir gjesteførelingar sjølve, noko som gir oss erfaringar som vi jamleg deler med studentane våre. Slik freistar vi å inspirere studentane våre og syne dei korleis faget vårt er internasjonalt orientert på nesten alle måtar, og slik får vi vonleg også fleire tilreisande studentar til fagmiljøet vårt.

Likevel er det relativt få av våre studentar som reiser på utveksling (I 2018 var tre studentar på utveksling, i 2019 og 2020 ingen, og 2021 og 2022 to). Dei seinaste åra har sjølvstendig covid-19-pandemien i stor grad stått i vegen for reising. I tida framover vil vi i endå større grad oppmuntre studentane til å reise på utveksling og vi vil aktivt leite etter og støtte alle tiltak som kan få fleire til å reise.

Praksis

§ 2-2 Krav til studietilbudet (9): For studietilbud med praksis skal det foreligge praksisavtale mellom institusjon og praksissted.

§2-3 Krav til fagmiljø (7): For studietilbud med obligatorisk praksis skal fagmiljøet tilknyttet studietilbudet ha relevant og oppdatert kunnskap fra praksisfeltet. Institusjonen må sikre at praksisveilederne har relevant kompetanse og erfaring fra praksisfeltet.

- Veiledning (*om relevant*): Gi en kort beskrivelse av praksis, praksisens faglige relevans, andel studenter som har praksis og eventuelle planer for utvikling av tilbudet.
- Veiledning (*om relevant*): Gi en kort vurdering av fagmiljøets kompetanse og erfaring fra praksisfeltet.

I likskap med dei andre studentane på AHRK, får studentane i religionsvitenskap høve til å søke på AHRK201 Praksis i arbeidslivet (15 studiepoeng) etter at dei har fullført minst 60 i eitt av faga ved instituttet. Dei som får plass på emnet blir utplasserte i cirka 200 timar i ei bedrift eller ein institusjon som driv med ei relevant verksemd og som instituttet har oppretta særskilt avtale med. Der får studentane delta i ulike gjeremål som er viktige for bedrifta eller institusjonen. Frå dette arbeidet skriv studentane ein rettleia praksisrapport.

Fagmiljøet skulle ønske at fleire av studentane våre søkte på dette emnet. Vi vil i tida framover freiste å opprette praksisavtaler med fleire institusjonar som er særleg relevante for studentar i religionsvitenskap og vi vil i endå større grad oppmuntre studentane våre til å søke på dette emnet.

Sjå vedlegg: emneskildring AHKR201 Praksis i arbeidslivet

Krav til fagmiljø i Studietilsynsforskriften

Studietilsynsforskriften kapittel 2. Akkreditering av studietilbud, § 2-3. Krav til fagmiljø

Fagmiljøets størrelse

§ 2-3 Krav til fagmiljø (1): Fagmiljøet tilknyttet studietilbudet skal ha en størrelse som står i forhold til antall studenter og studiets egenart, være kompetansemessig stabilt over tid og ha en sammensetning som dekker de fag og emner som inngår i studietilbudet.

§ 2-3 Krav til fagmiljø (4): Minst 50 prosent av årsverkene tilknyttet studietilbudet skal utgjøres av ansatte i hovedstilling ved institusjonen. Av disse skal det være ansatte med førstestillingskompetanse i de sentrale delene av studietilbudet. I tillegg gjelder følgende krav til fagmiljøets kompetansenivå:

a) For studietilbud på bachelorgradsnivå skal fagmiljøet tilknyttet studiet bestå av minst 20 prosent ansatte med førstestillingskompetanse.

b) For studietilbud på mastergradsnivå skal 50 prosent av fagmiljøet tilknyttet studiet bestå av ansatte med førstestillingskompetanse, hvorav minst 10 prosent med professor- eller dosentkompetanse.

c) For studietilbud på doktorgradsnivå skal fagmiljøet tilknyttet studiet bestå av ansatte med førstestillingskompetanse, hvorav minst 50 prosent med professor- eller dosentkompetanse.

For mastergradsstudier: § 3-2 Akkreditering av mastergradsstudier i Forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning

(2) Mastergradsstudiet skal ha et bredt og stabilt fagmiljø som består av tilstrekkelig antall ansatte med høy faglig kompetanse innenfor utdanning, forskning eller kunstnerisk utviklingsarbeid og faglig utviklingsarbeid innenfor studietilbudet. Fagmiljøet skal dekke fag og emner som studietilbudet består av. De ansatte i fagmiljøet skal ha relevant kompetanse.

(3) Fagmiljøet skal kunne vise til dokumenterte resultater på høyt nivå og resultater fra samarbeid med andre fagmiljøer nasjonalt og internasjonalt. Institusjonens vurderinger skal dokumenteres slik at NOKUT kan bruke dem i arbeidet sitt.

- Veiledning: Gi en kort vurdering av om fagmiljøet tilknyttet studietilbudet har en størrelse som står i forhold til antall studenter og studiets egenart, er kompetansemessig stabilt over tid og har en sammensetning som dekker de fag og emner som inngår i studietilbudet.
- Har fagmiljøet den sammensetningen som er beskrevet i § 2-3 (4)?

Fagmiljøet i religionsvitenskap har dei seinaste åra hatt ti faste vitenskaplege stillingar. Denne storleiken er naudsynt for å ivareta studentane skikkeleg og tilby undervisning i tråd med fagets eigenart. I tillegg til disiplinprogram på alle nivå tilbyr fagmiljøet årsstudium i religionsvitenskap, lektorprogram med religionsvitenskap som fag I og fag II, praktisk-pedagogisk utdanning, og eit heildigitalt engelskspråkleg masterprogram om religiøse minoritetar. Dei ulike programma våre er tett innvevde i kvarandre, med høg grad av emnesamkøyring, noko som er tenleg med tanke på både studiekvalitet, kompetanse og ressursbruk. Bachelorprogrammet i religionsvitenskap er særleg innvevd i og samkøyrert med lektorprogrammet og årsstudiet.

I 2022 var åtte av dei faste tilsette professorar og to førsteamanuensar, alle ti internasjonalt leiande på sine fagfelt. Religionsvitenskap er eit sær sars omfattande fag ettersom det ideelt handlar om alle religionar til alle tider i alle verdsdelar. Fagmiljøet har kompetanse som dekker dei fleste av dei største religionane i verda (kristendom, islam, hinduisme og buddhisme), samt fleire mindre religionar (mellom anna jødedom, zoroastrisme, ulike urfolks religionar og nyreligiøsitet), ulike historiske periodar (antikken, tidleg nytid,

notida), ulike geografiske regionar (Noreg, Sápmi, Skandinavia, Europa, Middelhavsområdet, Midt-Austen, Iran, India, Sentral-Amerika), mange fagleg sentrale tema (som religionsdidaktikk, interreligiøse relasjonar og minoritetar) og ulike metodar (deriblant filologi, diskursanalyse og feltarbeid). Dette gjer oss i stand til å gi eit fagleg solid og relativt breitt studietilbod.

Fagmiljøet har nyleg hatt stor utskifting etter ei rekke avgangar med pensjon (Gilhus, Natvig, Thomassen) og ein overgang til eit anna universitet (Endsjø). Nok ein avgang med pensjon skal skje våren 2023 (Rydving), og det er avgjerande for opprettholdinga av studietilboda at denne stillinga blir erstatta. Som erstatning for dei som har gått av har fire nye fagpersonar blitt tilsett i løpet av dei seinaste fire åra (van der Haven 2019, Mauder 2020, Tafjord 2021, Bull 2022). Emneporteføljen og den faglege heilskapen i alle programma våre er no i ferd med å bli revidert også for å ta høgde for utskiftingane i staben og dei endringane dette medfører for den samla kompetansen til fagmiljøet. Dette revisjonsarbeidet vil bli intensivert og fullført så fort som råd etter at den nye modellen for lektorprogrammet har blitt klar.

Fagmiljøets utdanningsfaglige kompetanse

§ 2-3 Krav til fagmiljø (2): *Fagmiljøet tilknyttet studietilbudet skal ha relevant utdanningsfaglig kompetanse.*

- Veiledning: Har fagmiljøet tilknyttet studietilbudet godkjent utdanningsfaglig kompetanse iht UiBs regelverk? Hvordan jobbes det for å ivareta kravene til utdanningsfaglig kompetanse i fagmiljøet?

Alle dei ti faste vitenskapleg tilsette har relevant og godkjent utdanningsfagleg kompetanse, ni av ti har dessutan gjennomgått formell opplæring i universitetspedagogikk.

Fagmiljøet deler jamleg erfaringar frå ulike undervisningsopplegg seg imellom. Dette skjer mellom anna i vårt felles fagforum, som innimellom sett særskilt fokus på nettopp undervisningsopplegg og då gjerne blir kalla undervisningsforum, og på fagmøter. Begge deler blir arrangert om lag ein gong i månaden. I ulike emne prøver vi stadig ut delvis nye pedagogiske opplegg for å legge til rette for best mogleg læring for studentane.

Fagdidaktikk er eit prioritert fagfelt i kollegiet, viktig i både forskinga og undervisninga vår, og sjølvstøtt sentralt for kreative og kritiske diskusjonar om vår eiga undervisningsverksemd. Fleire i fagmiljøet har også vore aktive internasjonalt i diskusjonar om undervisning og program i faget (von der Lippe, Undheim, Stausberg).

Faggruppa ønsker seg fleire tilbod om universitetspedagogisk påfyll, til inspirasjon og ettertanke, gjerne på tvers av fagmiljøa ved instituttet, fakultetet og universitetet.

Faglig ledelse

§ 2-3 Krav til fagmiljø (3): Studietilbudet skal ha en tydelig faglig ledelse med et definert ansvar for kvalitetssikring og -utvikling av studiet.

- Veiledning: Har studieprogrammet en tydelig faglig ledelse med ansvar for kvalitetssikring og utvikling som definert i kap. 2.3 i UiB sitt kvalitetssystem for utdanning?

Fagmøtet, med alle dei tilsette på faget, fungerer som programstyre og kjem saman cirka ein gong i månaden.

Fagmiljøet har ein fagkoordinator som også er programstyreleiar. Fagkoordinator er utpeika for to år om gangen. I 2022 og 2023 er det professor Bjørn Ola Tafjord. Han avløyste professor Knut Jacobsen, som før der igjen tok over vervet etter professor Håkan Rydving. Fagkoordinator har oversyn over all undervisninga i faget og utfører oppgåvene som er spesifiserte i kvalitetssystemet i samarbeid med faggruppa og studieadministrasjonen. Fagkoordinator møter i UUI og har jamleg kontakt med undervisningskoordinator, studieleiar og instituttleiar.

Kvart emne har ein emneansvarleg som organiserer undervisninga og evalueringa på emnenivå.

Programmet har også ei ekstern fagfelle som fører tilsyn og kjem med tilrådingar. Dei seinaste åra har det vore professor Anne Stensvold frå Universitetet i Oslo.

Fagmiljøets fagspesifikke kompetanse

§ 2-3 (5): Fagmiljøet tilknyttet studietilbudet skal drive forskning og/eller kunstnerisk utviklingsarbeid og faglig utviklingsarbeid og skal kunne vise til dokumenterte resultater med en kvalitet og et omfang som er tilfredsstillende for studietilbudets innhold og nivå.

- Veiledning: Gjør en kort vurdering av fagmiljøets fagspesifikke kompetanse, med vekt på sammenhengen mellom fagmiljøets forskningsfelt og programmets innhold og nivå.

Dei faste vitenskapleg tilsette hevdar seg alle i forskningsfronten internasjonalt på sine fagfelt. Vi er spesialistar på egyptisk religion og andre religionar kring Middelhavet i antikken (Bull), hinduisme og andre religionar i eller frå India, også i Noreg (Jacobsen), sentral-europeiske og indiske religionar i nyare tid (Keul), islam og kristendom i Midt-Austen, Nord-Afrika og Europa i mellomalderen og tidleg nytid (Mauder), samisk religion og misjonshistorie, norrøn religion, samt religion og estetikk (Rydving), zoroastrisme og religionsvitenskaplege teoriar og metodar (Stausberg), kristendomar og andre religionar blant urfolk i Sentral-Amerika og Skandinavia (Tafjord), romersk religion, nyreligiøsitet og religionsdidaktikk (Undheim), jødedommar og religiøse minoritetar (van der Haven), religionsdidaktikk og kontroversielle tema i samtida i Noreg (von der Lippe).

Emna som inngår i bachelorprogrammet i religionsvitenskap speglar i stor grad fagmiljøet sin forskningskompetanse. Det gjeld emna på 100-nivå: RELV100 Religion, kultur og samfunn; RELV101 Kva er religionsvitenskap?; RELV102 Jødedommen, kristendommen og islam; RELV103 Hinduismen, buddhismen og andre asiatiske religionar; og RELV105 Midtaustens og Middelhavsområdet eldste religionshistorie, og norrøn og samisk religion. Og det gjeld i endå større grad dei roterande valemna på 200-nivå som er knytt

direkte til spesialkompetansen til ein eller nokre av oss. Kva for valemne som blir gitt på 200-nivå varierer frå år til år, avhengig av tilgjengelege ressursar.

Faggruppa arbeider stadig med å gjere undervisninga så forskingsnær som råd. Evalueringa og revisjonen av emneporteføljen som vi har starta, men ikkje enno fullført i påvente av vedtak om modell for lektorprogrammet, skal føre til endå fleire og tettare samanhengar mellom dei fagleg tilsette sine spesialkompetansar og emnetilbodet vårt. Særleg vil forskingskompetansane til dei seinast tilsette få større plass i emna og studieprogrammet i tida framover.

Faggruppa forstår emneporteføljen og heilskapen i programmet som eit felles ansvar og noko som skal spegle den samla forskingskompetansen vår. Alle dei faste vitenskapleg tilsette kan ha emneansvar for og undervise i fleire av emna våre.

Internasjonalt og nasjonalt samarbeid

§ 2-3 (6): *Fagmiljøet tilknyttet studietilbud som fører fram til en grad, skal delta aktivt i nasjonale og internasjonale samarbeid og nettverk som er relevante for studietilbudet.*

- Veiledning: Gi en kort vurdering av internasjonalt og nasjonalt samarbeid og nettverk som er relevante for programmet.

Det religionsvitenskaplege fagmiljøet deltek aktivt i ei rekke nasjonale og internasjonale samarbeid og nettverk som er relevante for studietilbodet.

Gjennom Erasmus+ reiser somme av våre studentar på utveksling (vi har som mål at talet på studentar som reiser ut skal auke i åra som kjem), samstundes som vi er vertskap for fleire internasjonale studentar (og vi vil arbeide for å tiltrekke oss endå fleire framover). Covid-19 pandemien gjorde studentutveksling vanskeleg og tidvis umogleg mellom 2020 og 2022.

Sommarskulen i Zoroastrian Studies som blir arrangert i Roma, som Stausberg står bak i samarbeid med kollegaer og spesialistar på fagfeltet frå SOAS i London, er eit anna døme på internasjonalt samarbeid og studentutveksling som bachelorstudentane våre kan delta i.

Medlemmane i faggruppa er dessutan involverte i mange ulike forskingsprosjekt som inneber både nasjonale og internasjonale samarbeid, og i samband med fleire av desse kjem framifrå forskarar kvart semester på besøk til Bergen. Då inviterer vi som regel til gjesteførelsing, ofte på eitt eller fleire av emna som inngår i bachelorprogrammet. Til dømes hadde vi hausten 2022 gjesteførelsingar på RELV103 med professor Ruby Sain (Adamas University, India) og professor Gregory D. Alles (McDaniel College, USA), på RELV102 og RELV240 med professor Martin Tamcke (Georg-August-Universität Göttingen, Tyskland), og på RELV232 med førsteamanuensis Roald Kristiansen (UiT Noregs arktiske universitet). Sain kom for å søke samarbeid med Jacobsen, Alles deltek i GOVMAT-prosjektet som Tafjord leiar, Tamcke har vore rettleiar og rådgivar for Mauder, medan Kristiansen har skrive ei lærebok om verdsfilosofiar saman med Jacobsen og Rydving. Slik får studentane treffe og lære om den pågåande forskinga til framifrå forskarar frå fleire andre universitet.

Forskningsprosjektet "Skolen som mulighetsarena: demokratiforståelse og forebygging av gruppebaserte fordommer" (NFR/SAMKUL 2018–2021), leia av von der Lippe, skapte mange relevante aktivitetar og

læringsarenaer for studentane våre medan det pågikk. I åra som kjem vil særleg GOVMAT-prosjektet ("The Governmateriality of Indigenous Religions", NFR/FRIPRO 2020–2025) bringe gjesteforskarar til Bergen og skipe til arrangement som er relevante også for studentane på bachelorprogrammet vårt. Det same vil andre nye nasjonale og internasjonale samarbeidsprosjekt som er i ferd med å vekse fram i fagmiljøet gjere, mellom anna gjennom dei nydanna tverrfaglege forskargruppene som fokuserer på religionar i antikken (leia av Bull), kontroversielle tema (leia av von der Lippe), Midtausten og islamske studiar (leia av Mauder) og minoritetar (leia av van der Haven). Alle desse forskargruppene bygg på og vidareutviklar lokale, nasjonale og internasjonale forskingssamarbeid og nettverk som også studentane våre får kjennskap til gjennom undervisninga vår og gjennom gjesteførelesarar.

Ein annan stad der slike samarbeid og nettverk kjem godt til syne, også for studentane våre, er i den omfattande og stadig veksande podcast-serien Religionsoraklene.

Dei aller fleste i fagmiljøet deltek også aktivt i forskingsprosjekt og forskarnettverk som er leia frå andre universitet, samt i ei rekke mindre nettverk og individuelle samarbeid med forskarar ved andre institusjonar i Noreg eller utanlands, og erfaringar frå dette deler vi også jamleg med studentane våre. Somme tider fører også slike personlege samarbeid og nettverk til ekstra arrangement i Bergen for studentane våre, som for eksempel gjesteførelsingane med Tamcke og Kristiansen hausten 2022.